



Haram kommune, Vatne ungdomsskule, Postboks 34, 6283

VATNE

Telefon 70 20 77 80 * E-post: vatne.ungdomsskule@haram.kommune.no *

Heimeside: <http://vatneungdomsskule.no>

HARAM KOMMUNE

ORDENSREGLEMENT FOR VATNE UNGDOMSSKULE (Jf. Opplæringslova § 2-9)

Ordensreglementet for skulen skal ta sikte på å fremje samarbeid og trivsel, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet. (Opplæringslova kap. 9a)

1. Vi møter presis til timane og forlet ikkje skuleområdet utan løyve frå kontaktlærar.
2. Vi held god orden på elevromma, i fellesareala og skuleområdet. Vi tek ansvar for bøker og anna utstyr som tilhøyrer skulen. Vi kan gjerast erstatningsansvarlege for det vi øydelegg, jamfør Skadeerstatningslova § 1-2, nr. 2.
3. I timane er vi rolege og forstyrar ikkje andre. Vi skal bidra til at alle trivst og at ein får eit godt læringsmiljø i klassen.
4. I skuletida og på vegen til og frå skulen viser vi fin framferd. Vi vil følgje tilrettevising frå lærarar og andre tilsette ved skulen vår. Ingen må gjere slik at nokon opplever krenkjande ord og handlingar som mobbing, diskriminering, utestenging, vald eller rasisme.
5. Vi skal halde klassereglane våre, og fremje elevdemokratiet, samarbeidet og medansvaret. Jamfør skulen sine rådsorgan, arbeidet i Elevrådet og i skulen sine miljøskapande aktivitetar for å fremje positive relasjonar og eit godt og trygt skulemiljø på skulen vår!
6. På skulen har vi ikkje med snop og brus. Vi skal ikkje ta med fyrstikker, lighter, kniv eller gjenstandar som kan skade andre.
7. Mobiltelefonar, nettbrett og liknande, skal leverast inn ved starten av skuledagen og delast ut ved slutten av skuledagen. Elevane kan nytte mobiltelefon til læringsaktivitetar etter særleg avtale med lærar/rektor. Ved brot på reglane om mobiltelefon vert mobiltelefon teken inn. Utlevering etter avtale med eleven (1. gong) og ved gjentekne brot på reglane, med heimen.
8. Det er ikkje tillate å fotografere, filme eller gjere lydopptak i skuletida utan etter avtale med lærar.
9. Det er ikkje tillate å kaste snøball og bruke sykkel på skulen sitt område i skuletida. Ved sykling til/frå skulen og på sykkelurar som skulen arrangerer, skal det brukast hjelm.
10. Bruk av tobakk/snus og rusmiddel er forbode på skulen og i nærområdet, og på arrangement og turar som skulen står for. Jf. Opplæringslova § 9-5, 3. ledd.





Haram kommune, Vatne ungdomsskule, Postboks 34, 6283

VATNE

Telefon 70 20 77 80 * E-post: vatne.ungdomsskule@haram.kommune.no *

Heimeside: <http://vatneungdomsskule.no>

11. Søknad om "Fritak frå skulen" for meir enn 1 dag skal sendast/ leverast til rektor i god tid, og minst 3 veker på førehand ved lengre fritak over 6 dagar. Jf. Opplæringslova § 2-11. Skulen oppmodar foreldre/ føresette om å leggje reiser/ feriar til dei tider skulen har fri!

Side 2 av 2

12. Vi har reglar om konsekvensane av fusk eller forsøk på fusk ved prøver eller eksamen. Skulen viser her til Forskrift til Opplæringslova, FtO § 3-22.

13. Dersom vi bryt reglane, vil det føre til følgjande reaksjonar:

- a) Munnleg/ Skriftleg påtale frå ein av personalet
- b) Munnleg/ Skriftleg påtale frå rektor eller undervisningsinspektør.
- c) Overføring frå elevgruppa for ein del av timen/dagen til ein annan aktivitet eller eit anna tilsyn.
- d) Flytte elevar til anna gruppe/ elevgruppe.
- e) Bortvising frå skulen inntil 3 dagar, jf. Opplæringslova § 2-9 siste ledd og § 2-10.
- f) Flytting til annan skule (Jfr. opplæringsloven §8-1, 3. ledd).

14. Før det vert sett i verk tiltak mot elevar som bryt ordensreglementet, skal eleven få høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. I grunngjevinga frå rektor skal det visast til dei faktiske forholda vedtaket byggjer på og kva for reglar som vert nytta.

15. Dei mest alvorlege tiltaka som bortvising eller pålagt byte av klasse eller skule, krev at det blir fatta enkeltvedtak. Vedtak om byte av skule vert handsama av einingsleiar for grunnskuletenester. (Jfr. Forvaltningslova §2 og kap III-VI)

Rektor

